**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**
**nr. 89/2005**

**av 10. juni 2005**

**om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommane**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

1) Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 135/2002 av 27. september 2002([1]).

2) Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte rådsvedtak 2005/12/EF av 20. desember 2004 om endring av vedtak 1999/847/EF med omsyn til lenging av fellesskapshandlingsprogrammet for katastrofevernebuing([2]).

3) Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2005 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I protokoll 31 artikkel 10 nr. 8 bokstav b) tredje strekpunkt (rådsvedtak 1999/847/EF) i avtala vert følgjande lagt til:

", endret ved

– **32005 D 0012**: Rådsvedtak 2005/12/EF av 20. desember 2004 om endring av vedtak 1999/847/EF med omsyn til lenging av fellesskapshandlingsprogrammet for katastrofevernebuing (EUT L 6 av 8.1.2005, s. 7)."

([1]) TEF L 336 av 12.12.2002, s. 36, og EØS-tillegget til TEF nr. 61 av 12.12.2002, s. 30.
([2]) TEU L 6 av 8.1.2005, s. 7.

*Artikkel 2*

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*).

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2005.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 10. juni 2005.

*For EØS-komiteen*
*Formann*

*R. Wright*

*EØS-komiteens sekretærer*

*Ø. Hovdkinn* *M. Brinkmann*

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.